



Hordaland fylkeskommune  
Att. Marianne Ose Askvik  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**SØKNAD OM MIDLAR TIL SPASERSTOKKEN 2014/14648**

Viser til brev frå fylkeskommunen, dagsett 03.06.14, der kommunane blir invitert til å søkje om midlar til gjennomføring av kulturtiltak for eldre.

Bømlo kommune ynskjer å søkja om midlar til tiltaket «I manns minne». Informasjon om tiltaket:

**Skildring:** «I manns minne» er i første omgang eit tilbod frå aldersgruppa 67 år og oppover, men alle er velkomne. Målgruppa vil vera involvert i arrangementet frå start til slutt, og er med og legg premissane for tema. «I manns minne» har vore arrangert sidan 2007, med ulike tema og fokus. Arrangementet vil innehalde kulturhistorie, tradisjonar og tidsaktuelle tema og problemstillingar. Song og musikk, føredragshaldarar, filmvising og underhaldning bind dagen saman, slik at dei som kjem får med seg opplevingar, kunnskap, sosialt samvær og gode historier. Programmet varer ca 5 timer, med mat inkludert i billetten. Institusjonane blir invitert spesielt, og det blir lagt til rette for at dei kjem inn når det måtte passe.

Døme på kva som har stått på programmet tidlegare: Evert Taube framsyning, songar og tekstar av Ivar Medaas – dar kjem dampen, Sunnhordland museum – forteljingar frå kvardagslivet etter krigen, ulike kåseri, Bømlo Teater med varierte innslag, kor og enkelt aktørar som driv allsong, elevar frå kulturskulen osv.

Programmet er variert og spenstig, noko me vil prøva å føra vidare i 2015. Me ynskjer enda fleire profesjonelle aktørar på scenen denne dagen, og håpar med denne søknaden å kunne få dette til.

**Målgruppe:** 67 år oppover, men alle er velkomne.

**Kulturgrenne/tema:** Ikkje definert tema, men profesjonalitet, variasjon, lokalt og globalt perspektiv vil vera i fokus.

**Arena:** Arrangementet vil gå føre seg i Bømlo kulturhus, som er funksjonelt og godt tilrettelagt for denne type tilbod.


**Tal på arenaer:** «I manns minne» går føre seg i kulturhuset 1 dag. I tillegg blir det skipa til ulike arrangement rundt om i institusjonane heile året. Her har ein eit samarbeid med Frivilligsentralen, Bømlo Teater, Sunnhordland museum, trekkspelklubben for å nemna nokon. Intensjonen er at det skal vera høg kvalitet på det som blir sendt rundt til institusjonane, med variasjon og breidde. Gjennom møte med verksemdsleiarane på institusjonane kjem ein fram til gode løysingar og ynskjer frå bebuarane.

**Søknadssum:** Bømlo kommune søker om kr 200 000 i støtte til «I manns minne».

**Annen finansiering/søknad til tiltaket:** Kommunestyret har sidan 2007 sett av kr 100 000 merka tiltak for eldre. Desse pengane har vore nytta til «I manns minne» i tillegg til arrangement rundt om i institusjonane. Me håpar det blir sett av kr 100 000 også i 2015.

Ta berre kontakt om noko skulle vera uklart eller du har spørsmål.

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE



Elisabeth Knutsen  
Rådgjevar kultur- og idrett